

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 07.06.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Veslemøy Mjelde og Thorleif Gjernes

Referent: Kaia

**Sak 2022/38: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2022/39: Godkjenning av referat frå styremøte 10.05.2022.** Godkjent

**Sak 2022/40: Eigedomar:**

- Herand Kulturhistoriske senter, organisering av årets sesong; Angunn har tilsett tre kjekke ungdommar til å dekke opp opningsdagane i sommar.
- Kulturstien, geiter; dei beitar godt ned. Me tingar dei for ein ny sesong frå 01.05.23.
- Kulturstien, nye informasjonsskilt – Temapunkt- er montert. Me undersøker vidare rundt dei andre infoskilta i bygda; Sævarebrua, hellerissfeltet, div i kulturstien
- Kulturhuset, tinga ny dør i gavlvegg i skytja, nye vindauge for fasade mot nord og aust og uteljos ved kjøkeninngong nord.

**Sak 2022/41: Tilstellingar:**

- Nærmiljøanlegget vart offisielt opna 2. pinsedag i samband med Herand Rundt.
- Jonsok feiring i båthamna. HB avtaler med KramSjø om bruk av plassen i båthamna og set ut bord og stolar til arrangementet.

**Sak 2022/42: Økonomi:**

Gåvemidlar/økonomisk støtte: Herand bygdelag har fått tilsagn om 133.000,- til div. vedlikehald på Herand kulturhus og kr 250.000,- til ferdigstilling av nærmiljøanlegg frå Sparebankstiftinga Hardanger. Kr. 50.000,- frå MOWI til ferdigstilling av nærmiljøanlegget. Driftsmidlar til lagshus frå Ullensvang kommune på kr. 15.000,-. Årleg gåve frå Herand Kraft på kr. 50.000,-. Byggern Jondal støtter maling av ballbinge med kr. 4000,-. *Tusen takk for all velvillig støtte!*

Herand bygdeblad; kasserar har starta å sende ut faktura til dei som har gløymt å betala.

**Sak 2022/43: Nærmiljøanlegget:**

Ballbingen; nytt kunstgrasdekke er bestilt. Bingen skal beisast. Anlegget er populært og har mange besøkande, me får gode tilbakemeldingar. Kommunen har sett opp søppeldunk ved anlegget og dei tømmer denne. Fullføringa av anlegget og området rundt er fullfinansiert med gåvemidlar og vil bli utført fortløpande.

**Sak 2022/44: Andre saker/eventuelt:**

Kenneth Vikane har fått permisjon frå styret i HB i perioden 01.06-31.12.22 grunna arbeid på Bjørnøya. Oddmund Skeie er 1. vara og trer inn i permisjonsperioden.

**Neste styremøte tysdag 16.08.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus**